



Kvartalsrapport for busetting

TREDJE KVARTAL 2011

Innhold

Del 1: Måloppnåing	2
Del 2: Busette	2
Del 3: Busettingsklare i mottak	7
Del 4: Vedtaks plassar	9


Del 1: Måloppnåing

ALL BUSETTING INNAN:	3 MND	6 MND	12 MND
Einslege mindreårige	19%	57%	96%
- EM Bufetat	15%	56%	85%
- EM IMDi	20%	57%	99%
Einslege vaksne		53%	91%
Alle		68%	94%

68 pst av dei som er busette så langt i år vart busette innan 6 månader. Denne måloppnåinga er uendra frå førre kvartal. På same tid i fjor var delen 75 pst. 19 pst av einslege mindreårige som er busette så langt i år vart busett innan fristen på tre månader etter vedtak. Dette er ei auke på sju prosentpoeng sidan halvtårsrapporteringa i juni.

Auken i del einslege mindreårige som er busett innan tre månader skuldast i stor grad at talet på lengeventande har vorte redusert jamt gjennom heile året. Som forklart i halvtårsrapporteringa vert lengeventande prioritert i busettingsarbeidet, noko som i første omgang førte til at det var fleire som rakk å bli lengeventande før busetting. No har det derimot lukkast å byggje ned restansane av lengeventande, og det er ved utgangen av tredje kvartal i år registrert 77 einslege mindreårige som har venta over tre månader på busetting. Til samanlikning var dette talet 179 ved utgangen av januar, og 103 ved utgangen av førre kvartal. Med reduksjon i talet på lengeventande har IMDi større mogelegheit til å busette personar med kortare ventetid, og dermed aukar også måloppnåinga.


DEL EINSLEGE MINDREÅRIGE BUSETT INNAN TRE MÅNADER ETTER VEDTAK




Det er likevel dei tre siste månadane i år at ein vil sjå den markante auken i delen einslege mindreårige som er busett innan tre månader. Dette heng saman med at ein stor del av dei som allereie er busett i år måtte vente over tre månader før busetting, som dermed påverkar den akkumulerte måloppnåinga. I halvtårsrapporteringa var IMDi sine prognosar at samla måloppnåing for busetting av einslege mindreårige ville ende på litt over 40 pst ved utgangen av 2011. Oppdaterte tal syner at det kan ende noko lågare, truleg mellom 35 og 40 pst. Dette heng mellom anna saman med at det er fleire lengeventande i mottak enn kva vi forventa i juni, til trass for at det har vore ein nedgang. Dersom både busettinga og positive løyve frå UDI held seg på forventa nivå, kan vi rekne med høg måloppnåing allereie første kvartal 2012.

* Tal frå og med oktober er prognosar.

HISTORIKK MÅLOPPNÅING



Del 2: Busette



Samla er det busett 3684 personar til no i år. Av desse, vart 1425 busett i tredje kvartal. Same kvartal i fjor vart det busett 1487 personar. Det er busett 443 einslege mindreårige til no i år, kor av 174 i tredje kvartal.


Det er eit mål å busette 6500 personar i 2011¹. Samla vart busettinga 128 pst. av måltalet for september, medan den er på 83 pst. for året så langt. I første kvartal i år var busettinga høgare enn i fjor, medan den i andre og tredje kvartal var noko lågare. For å nå det samla busettingsmålet for 2011 må busettinga resten av året vere om lag 40 pst. høgare enn i løpet av same periode i 2010. Tilgangen på vedtaks plassar tilseier at det vil verta krevjande.

For einslege mindreårige er det realistisk å nå måltalet om 580 busette einslege mindreårige innan utgangen av 2011. For å imøtekomme dette må det busettast gjennomsnittleg 45 personar per måned resten av året, og dette er lågare den gjennomsnittlege busettinga per måned så langt i år. Det betyr at så lenge det er busettingsklare i mottak er det sannsynleg at busettinga også kan bli høgare enn måltalet på 580.

¹ På bakgrunn av endringer i busettingsbehovet vart måltala for busetting i 2011 justert på møtet i Nasjonalt utval for mottak og busetting i mai i år. Med utgangspunkt i prognosegrunnlaget for Berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga er behovet for busetting no vurdert til 6500 personar totalt, kor av 580 er einslege mindreårige.



MÅNADLEG BUSETTING



ALL BUSETTING INKLUDERT FAMILIESAMEINTE PR. 30.09.2011

Region	Tidlegare asylsøkarar		Overførings-flyktningar		Familie-sameinte	Totalt
	Totalt	Herav EM	Totalt	Herav EM		
Østfold	113	23	3	-	28	144
Akershus	284	43	43	-	71	398
Oslo	198	28	76	2	74	348
Vestfold	94	20	15	-	13	122
IMDi Øst	689	114	137	2	186	1012
Hedmark	104	21	47	-	81	232
Oppland	149	18	46	-	41	236
Buskerud	168	26	36	-	24	228
IMDi Indre Øst	421	65	129	0	146	696
Telemark	147	32	77	-	29	253
Aust-Agder	66	17	36	-	26	128
Vest-Agder	185	23	23	-	44	252
IMDi Sør	398	72	136	0	99	633
Rogaland	200	26	91	1	53	344
Hordaland	232	16	15	-	66	313
Sogn og Fjordane	63	6	27	-	27	117
IMDi Vest	495	48	133	1	146	774
Møre og Romsdal	154	32	23	1	42	219
Sør-Trøndelag	168	14	30	-	23	221
Nord-Trøndelag	102	18	51	1	36	189
IMDi Midt-Norge	424	64	104	2	101	629
Nordland	215	37	94	1	67	376
Troms	149	32	61	-	10	220
Finnmark	64	5	10	-	22	96
IMDi Nord	428	74	165	1	99	692
Noreg	2855	437	804	6	777	4436



BUSETTE PR. 30.09.2011

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Faktisk busetting	829	550	538	631	530	594	3684
Måltal for busetting	1068	663	597	796	641	655	4420
Måloppnåing i %	78%	83%	90%	79%	83%	91%	83%
Busette frå mottak med familie-sameiningsvedtak	3	0	4	3	2	1	13
Utsøkte i mottak:	139	62	107	87	70	109	574
Busetting i september	125	126	113	114	72	116	667
Måloppnåing i september	99%	162%	161%	122%	95%	150%	128%

*Totaltalet inkluderar 12 personar med skjerna identitet.


EINSLEGE MINDREÅRIGE: BUSETTE PR. 30.09.2011

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Sum
UDI-mottak	63	52	65	34	50	64	328
Bufetat sine omsorgssentra	44	11	4	12	14	6	91
Andre	9	3	3	2	2	5	24
Sum	116	66	72	48	66	75	443


Samla enda busettinga i september på 667 personar, 128 pst. av måлтаlet på 520. Det er første månad i år at busettinga er høgare enn måлтаlet.

Blant dei regionale einingane varierte busettinga mellom 95 pst. (IMDi Midt) og 162 pst. (IMDi Indre Øst) av måлтаlet i september, medan den for 2011 no er mellom 78 pst. (IMDi Øst) og 91 pst. (IMDi Nord).

Ved utgangen av september 2010 var det busett 3807 personar, kor av 815 var overføringsflyktingar. Så langt i år er det busett 804 overføringsflyktingar. Det inneber at busettinga av personar som har fått løyve etter søknad om asyl er på om lag same nivå som på same tid i fjor; 2855 i år mot 2934 i fjor.



MÅNADLEG BUSETTING AV EINSLEGE MINDREÅRIGE 2010 OG 2011




Det er busett 74 fleire einslege mindreårige ved utgangen av tredje kvartal i år enn det var på same tid i 2010, og det tilsvarar at det er busett 20 pst fleire. Dette gjenspeglar seg i grafen over månadleg busetting, som syner at med unntak av juni og september har busettinga per månad vore høgare i alle månadene i 2011.

I inneverande år er det mars og august som er månadane med høgast busetting. Andre kvartal hadde nokså jamn busetting alle tre månadane, medan tredje kvartal har hatt ein markant topp i august.

91 personar er registrert busett utan offentleg hjelp så langt i år. Det er 28 fleir enn ved utgangen av førre kvartal.


Det er registrert 777 familiesameinte til no i år, 297 fleire enn ved utgangen av juni. På same tid i fjor var det registrert 691 familiesameinte.






Busette einslege mindreårige 3. kvartal

174




Busette einslege mindreårige jan - sep 2011

443



GJENNOMSNITTELEG VENTETID FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING FRÅ MOTTAK PER REGION




Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting for dei som vart busett frå mottak så langt i år er på 6,4 månader. Dette er ei auke frå 6,1 i førre kvartal. I 2010 var gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting 5,7 månader, medan den ved utgangen av september 2010 var på 5,8 månader. Den lange gjennomsnittlege ventetida i 2010 heng dels saman med at det i sumar vart busett både einslege og familiar frå mottak med svært lang registrert ventetid frå vedtak til busetting². Den største delen av auken er i tida frå vedtak til utsøking, noko som er naturleg ut frå årsaka til auken.

For familiar busett frå mottak auka ventetida endå kraftigare i sommar, av same grunn som forklart over. Etter ei ventetid på heile 11,8 månader for juli månad isolert, har august og september vore på normalt nivå. For familiar innebar det at auken i gjennomsnittleg ventetid gjekk opp frå 5,2 månader i juni til 6,0 månader i september.

² For personar som i utgangspunktet fekk eit løyve med avgrensing som innebar at dei ikkje skulle busettast, men som sidan har fått eit løyve som innebar at dei kunne busettast, vil ventetida verta rekna frå vedtaksdatoen for løyvet som ikkje gav grunnlag for busetting.




GJENNOMSNIITTELEG VENTETID FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING FRÅ MOTTAK PER REGION



Gjennomsnittleg ventetid varierer mellom 5,3 månader i Nord til 7,5 månader i Øst.

Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting for einslege mindreårige var ved utgangen av tredje kvartal på seks månader – ein nedgang på 0,8 månader sidan halvtårsrapporteringa. Dette er den lågaste gjennomsnittlege ventetida som er registrert sidan januar. Dette er ein reduksjon som har vore føresagt, som også er venta og halde fram dei tre resterande månadane av 2011. Reduksjonen er likevel moderat av den grunn at mange av dei som allereie er busett i år har hatt lang ventetid før busetting. Frå første kvartal 2012 er det grunn til å tru at gjennomsnittleg ventetid vil vere meir merkbar redusert.


GJENNOMSNIITTELEG VENTETID I MÅNADER FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - EINSLEGE MINDREÅRIGE




Samla ventetid for alle busette einslege mindreårige har lege nokså jamt mellom 5,6 og 6,8 månader gjennom heile 2011, medan det har vore litt større variasjonar om ein ser på busettinga frå omsorgssenter og UDI-mottak kvar for seg.

Ventetida frå vedtak til utsøking er 4,2 månader for einslege mindreårige, og det er lågare enn den har vore dei to føregåande kvartala i år. Ventetida frå utsøking til busetting ligg på 1,8 månader, og her har det kun vore minimale variasjonar sidan 2009. Det er altså perioden der IMDi ber kommunane om busetting av konkrete personar som er den mest varierende faktoren, medan tida frå kommunen har sagt ja til busetting og til faktisk flytting er ganske stabil. Dette syner at kommunane i stor grad seier ja til busetting først når dei veit om konkrete ledige plassar, av den grunn at einslege mindreårige har større behov for individuelt tilpassa bu- og omsorgstilbod, samanlikna med vaksne.


VENTETID FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - TOTALT OG EINSLEGE MINDREÅRIGE




VENTETID FRÅ VEDTAK TIL UTSØKING - TOTALT OG EINSLEGE MINDREÅRIGE



VENTETID FRÅ UTSØKING TIL BUSETTING - TOTALT OG EINSLEGE MINDREÅRIGE



VENTETID I MOTTAK FØR BUSETTING






Så langt i år hadde om lag 20 pst av dei som er busett frå mottak ei ventetid på mindre enn 3 månader, dette gjeld både samla busetting og for einslege mindreårige. Samstundes hadde 39 pst venta mellom 3 og 6 månader, og mellom 41 og 44 pst venta over 6 månader før busetting. For å auke IMDIs resultatkrav, vil det vere naudsynt å konsentrere busettinga på dei lengstventande, framfor å busette frå gruppa som har kortast opphaldstid i mottak.

GJENNOMSNI TTLEG VENTETID FOR BUSETTE FAMILIAR FRÅ MOTTAK (MND)

	31-12-09	31-12-10	30-06-11	30-09-11
Frå vedtak til busetting	4,6	5,3	5,2	6,0
Frå vedtak til utsøking	2,3	2,9	3,0	3,7
Frå utsøking til busetting	2,3	2,5	2,2	2,3

NASJONALITET BUSETTE



Det er busett personar frå 53 ulike land (i tillegg kjem statslause) i år. Dette er ei auke frå 46 nasjonalitetar ved utgangen av førre kvartal. Til no i år er det busett flest frå Eritrea, Afghanistan, Somalia og Iran. Det er busett einslege mindreårige frå 20 ulike land (i tillegg kjem statslause). Dei største nasjonalitetsgruppene er Afghanistan, Somalia og Eritre.

BUSETTING AV OVERFØRINGSFLYKTINGAR I 2011 PR. 30.09.2011

	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Busette	137	129	136	133	104	165	804
Bodsendte, ikkje komne	48	65	58	70	67	68	376
Totalt	185	194	194	203	171	233	1180

Det vart busett 436 overføringsflyktingar i tredje kvartal, av totalt 804 så langt i år. Talet på bodsendte, ikkje komne, gjekk ned med 45 i løpet tredje kvartal til 376. I løpet av fjorårets første ni månader kom det 815 overføringsflyktingar.

Det står att to uttak av overføringsflyktingar i 2011, eitt i Tunisia og eitt i Nepal. Uttaket i Tunisia er det tredje derfrå i år, som alle er ein del av tilleggskvoten som Stortinget vedtok i samband med krisa i Libya. På dette uttaket skal det bl.a. takast ut mellom 50 og 60 einslege mindreårige, og det er forventat at desse kjem innan utgangen av 2011. På uttaket i Nepal skal det takast ut om lag 150 bhutanesiske flyktingar.



Det er til no i år utbetalt om lag 142 millioner kroner i tilskot ved busetting av personar med særskilte vanskar. Beløpet er fordelt over 375 utbetalingar. Gjennomsnittleg utbetaling ved tilskot 2 har vore 432 000 kroner. Dei omsøkte personane har vore 149 kvinner og 226 menn med ein snittalder på 19,8 år.

Del 3: Busettingsklare i mottak

Talet på busettingsklare i mottak gjekk i tredje kvartal ned med 142 personar, frå 2011 til 1869. Snittet til no i år har vore 1919 personar. I januar var talet på busettingsklare 1707, men dette er tilknytt den høge busettinga i slutten av førre år. Trass høg busetting frå mottak i september auka talet på busettingsklare generelt og lengeventande spesielt. Denne situasjonen vil halde fram om ikkje busettinga frå mottak held seg høg.

Ved utgangen av tredje kvartal var det 180 busettingsklare einslege mindreårige i mottak, dette er 71 færre enn ved førre kvartal. Av dei 180 oppheld 121 seg i UDI-mottak og 59 i Bufetat sine omsorgssentra. Totalt hadde 43 % av dei busettingsklare venta over tre månader på busetting. Det er to prosentpoeng høgare enn førre kvartal, men om lag 20 prosentpoeng lågare enn ved utgangen av første kvartal.

TOTALT VENTANDE I MOTTAK PR. 30.09.2011

Ventetid	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Bufdir	Totalt
0 - 3 månader	67	125	65	105	92	151	26	631
3 - 6 månader	77	122	103	90	93	136	22	643
6 månader - 1 år	72	138	28	89	50	128	9	514
Over 1 år	26	16	10	8	2	15	4	81
Totalt	242	401	206	292	237	430	61	1869
Gjennomsnittleg ventetid i månader	5,99	5,13	4,93	4,7	3,91	4,67	5,24	4,9

BUSETTINGSKLARE EINSLEGE MINDREÅRIGE I MOTTAK PR. 30.09.2011

	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Bufetat	Totalt
Oppheld seg på mottak i region	9	13	21	23	14	41	59	180
Busettingsansvar region	23	11	26	16	13	32	59	180

IKKJE-UTSØKTE BUSETTINGSKLARE I MOTTAK PR. 30.09.2011

	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Bufdir	Totalt
Einslege Personar i familieeiningar	68	79	38	57	57	63	6	368
Totalt	164	333	102	210	168	279	39	1295
Einslege menn	62	180	46	107	82	163	30	670
Einslege mindreårige	9	5	12	12	7	13	37	95




1295 av dei busettingsklare har ikkje fått avtale om busettingsplass i ein kommune (ikkje utsøkt). Det er 22 fleire enn ved same tid i fjor. Gjennomsnittleg ventetid frå vedtaksdato for desse var 4,2 månader. Det er 1,4 måned lengre enn til same tid i fjor.


Blant dei ikkje-utsøkte, er det ei stor overvekt av einslege, kor av dei igjen det store fleirtalet er menn. Delen einslege fall frå 77 pst i juni til 72 pst i september. Dette er 15 prosentpoeng lågare enn ved utgangen av september 2010. Delen einslege av dei busette frå mottak har vore 65 pst. så langt i år, mot 63 pst. på same tid i 2010. Den høge delen einslege av dei ikkje-utsøkte inneber at det framleis er viktig med fokus på busetting av denne gruppa.

95 av dei 180 busettingsklare einslege mindreårige har ikkje fått avtale om busettingsplass i ein kommune (ikkje utsøkt). Det er 48 færre enn ved halvtårsrapporteringa i juni.

BUSETTINGSKLARE TOTALT




BUSETTINGSKLARE EINSLEGE MINDREÅRIGE




Det er no 574 personar i mottak som har fått avtale om busettingsplass i ein kommune, 40 færre enn ved utgangen av andre kvartal. Desse hadde i gjennomsnitt venta i 6,4 månader frå vedtaksdato. Talet fordeler seg ujamnt mellom regionane, frå 102 i Sør til 333 i Indre Øst. Nedgangen i talet på utsøkte kan innebera at busettinga frå mottak vil verta noko lågare framover. For å nå busettingsmålet må utsøkinga auke.

For einslege mindreårige er det 85 personar som har fått avtale om busettingsplass i ein kommune, og det utgjør 47 pst av alle busettingsklare. Førre kvartal var tilsvarende del på 43 pst. Av dei 85 oppheld 62 seg i UDI-mottak og 23 i omsorgssenter.

UTVIKLING I NØKKELTAL FOR VENTANDE I MOTTAK



UTVIKLING I NØKKELTAL FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE I MOTTAK



Talet på busettingsklare einslege mindreårige er meir enn halvert på eit år. Frå 453 busettingsklare i oktober i fjor har det vore ein nokså jamn nedgang, og det var ved utgangen av trede kvartal i år 180 som venta på busetting. August og september 2011 har hatt dei to lågaste tala av busettingsklare i løpet av dei siste 12 månadanane. Dette heng både saman med høg busetting i år, og med at det kom få asylsøklarar som var einslege mindreårige på vårparten i 2011³. Av den grunn skal det, som nemnt tidlegare, takast ut mellom 50 og 60 einslege mindreårige overføringsflyktingar.

Talet på personar som har venta meir enn 6 månader (lengeventande) auka i tredje kvartal, frå 469 i juni til 595. Ved utgangen av september i fjor var det 367 lengeventande i mottak. Talet på lengeventande har vore høgare berre ein gong tidlegare i IMDis historie (april 2006).

Av dei som har venta i over 6 månader, er 459 einslege (330 menn og 129 kvinner) og 136 i familiar. Einslege menn utgjør 55 pst. av alle lengeventande i mottak.

Om lag 40 pst. av dei lengeventande har venta meir enn ni månader medan 81 av dei har venta i over eit år, ei auke på 19 personar berre i løpet av førre måned. Dette er det høgaste talet på menneske som har venta meir enn 12 månader så langt i år.

Til same tid tilseier røynsla at ein del av dei som kjem fram på listene over lengeventande, av ulike grunngevingar ikkje høyrer heime der⁴. Det er også slik at mange av dei som har venta i lang tid, allereie har

³ Talet på asylsøknadar frå einslege mindreårige var lågt i februar, mars og april, men har deretter teke seg litt opp att. Sjå UDI sine nettsider for detaljar om tal på asylsøknadar frå einslege mindreårige.

⁴ Personar som opphæver får vedtak som ikkje gjer løyve om busetting, men som på eit seinare tidspunkt får vedtak utan restriksjonar, får ventetida berekna frå vedtaksdato for løyvet som ikkje ga grunnlag for busetting.




fått busetningsplass i ein kommune (utsøkt). Av dei 81 som har venta i meir enn eitt år, har 37 fått kommuneplass. Det betyr samstundes at over halvparten av dei som har venta over eitt år framleis står utan kommuneplass (ikkje utsøkte).

Ved årsskiftet var gjennomsnittleg ventetid 4,0 månader. Den auka i løpet av første halvår opp til 4,4 månader. I august auka den med 0,6 måned før no igjen auka til 4,9 månader. Ventetida i mottak var på same tid i fjor på 3,9 månader. Auka skuldast blant anna busetting av personar som har venta kort tid i mottak.

Det var ved utgangen av tredje kvartal 566 busetningsklare personar i familieeiningar i mottak. Det er 72 fleire enn ved utgangen av andre kvartal. Av desse var 368 ikkje utsøkt. For eitt år sidan var det 363 busetningsklare personar i familieeiningar. 170 av desse var ikkje utsøkte.

246 av personane i busetningsklare familiar var barn under 18 år, 40 fleire enn ved utgangen av juni. For eitt år sidan var talet 151.

NASJONALITET Busetningsklare



Personar frå 35 ulike nasjonar (i tillegg kjem statslause) ventar på busetting. Nedgangen i tredje kvartal var størst for personar frå Afghanistan, Somalia og Eritrea. Elles var det berre mindre endringar. Dei einslege mindreårige som ventar på busetting kjem frå 13 ulike nasjonar (i tillegg kjem statslause).

DEI 10 STØRSTE NASJONALITETANE SOM VENTAR PÅ Busetting PR. 30.09.2011

Nasjonalitet	Einslege kvinner	Einslege menn	Familiar, kvinner	Familiar, menn	Totalt
Somalia	166	284	98	43	591
Eritrea	130	307	77	22	536
Afghanistan	9	137	63	35	244
Etiopia	18	43	22	6	89
Iran	1	37	15	17	70
Statslaus	3	11	27	25	66
Kina	14	29	9	6	58
Sudan	0	38	8	8	54
Irak	8	18	10	8	44
Russland	5	7	14	17	43
Andre	11	27	24	12	74
Totalt	365	938	367	199	1869

Del 4: Vedtaksplassar

Busetningsbehov og oversikt over Vedtaksplassar i 2011 PR. 30.09.2011

	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Måltal for busetting	1571	975	878	1170	943	964	6500
Måltal i %	24,2 %	15,0 %	13,5 %	18,0 %	14,5 %	14,8 %	100,0 %
Vedtaks plassar det er oppmoda om	1600	1095	795	1249	935	913	6587
Vedtaks plassar	1242	1049	570	1122	846	876	5705
Tal på kommunar som er oppmoda (med vedtak)	52 (42)	64 (62)	37 (21)	51 (49)	39 (39)	44 (41)	287 (254)

Hausten 2010 vart 287 kommunar oppmoda om 6587 plassar for 2011, på bakgrunn av eit opphavleg busetningsbehov på 5300 personar.

248 kommunar har no vedtak om busetting av 5705 flyktningar. 188 av desse kommunane har vedtak (minst) i tråd med oppmodinga, medan 60 har vedtak som er lågare. I 2010 hadde berre 72 av 300 kommunar med vedtak, vedtak (minst) i tråd med oppmodinga. Dette kan ha samanheng med at kommunane vart oppmoda om å busette over 11 000 personar i 2010. I 2009 fatta 166 av 270 kommunar vedtak som var (minst) i tråd med oppmodinga på 8626 busetningsplassar.

For 2011 har 6 kommunar vedtak om å ikkje busette; Trøgstad, Engerdal, Sund, Radøy, Hå og Luster. Det kan likevel vera at det førekjem busetting i desse kommunane, m.a. for å fylle opp vedtak frå tidlegare år.

Einslege mindreårige: Busetningsbehov og oversikt over Vedtaksplassar i 2011, PR. 30.09.2011

	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Måltal for busetting EM	140	87	78	104	84	86	580
Måltal EM i %	24,2 %	15,0 %	13,5 %	18,0 %	14,5 %	14,8 %	100 %
EM-vedtaksplassar det er oppmoda om	248	153	145	150	140	135	971
EM-vedtaksplassar	191	111	120	65	104	116	707

IMDi har oppmoda 126 kommunar om å busette tilsaman 971 einslege mindreårige. Det opphavlege måltalet var at det skulle busettast 750 einslege mindreårige i 2011, men dette var redusert til 580 av Nasjonalt utval for mottak og busetting. Ved utgongen av tredje kvartal var det stadfesta 707 vedtaksplassar i 82 kommunar, medan 16 kommunar er registrert med nei-vedtak.